

Kjelde: Leiv B. Erdal, f. 1915.

Eksplosjonen i Bergen 1944

I april 1944 var Leiv B. Erdal knappe 29 år og arbeidde som lagersjef ved landbruksfirmaet Vestlandske Kjøpelag i C. Sundtsgate 9-11. Han fortel:

Om morgonen den 20. april sat eg på lagerkontoret i 2. etasje, då ein av lagerarbeiderane brått kom og sa frå om at ein båt på Vågen var i brann. Då eg høyrde det, sa eg frå med ein gong om at alle dei ytre dørene og vindaugo skulle stengjast slik at det ikkje kom gneistregn inn på lageret, der det var lagra mange lett brannbare varer. Ein annan medarbeidar – han hadde utdanning som skipsfører – kom då og sa: "Det har nok lite for seg; dette er ingen vanleg brann".

Saman med han gjekk eg nedover lageret, og ut i dørøpninga i andre høgda. Der var det utvendig vareheis mot Vågen, og eit farty låg på utsida og lossa varer inn på lageret. Frå dørøpninga der vi stod, såg vi ei kraftig eldsøyle loga beint opp frå ein båt som låg ved Festningskaien. Eg høyrde også ein fresande lyd. Det heile – både synsinntrykket og lyden – gav inntrykk av ein kjempemessig primus. Vi såg folk nær båten legge på sprang for harde livet innover Festningskaien for å komme seg unna. Eg kom då til å seie: "Dette kjem til å ende med forskrekkelse; no spring vi". Eg var i ferd med å snu meg for å komme meg derifrå, då alt vart borte for meg.

Det neste han hugsar er at han kom til seg sjølv – oppe under taket, i motsett ende av lageret – i ein bingje med laus kunstgjødsele. Han er usikker på kor lang tid som hadde gått. Lufttrykket hadde ført han gjennom heile lagerlokalet, og til all lukke var han ikkje vorten slengd mot betongsøylene eller mot veggene. Ein del av ei tung dør frå opninga der han hadde stått, var riven laus. Den var slengd same vegen som han sjølv, såg det ut til. Han var møyrbanka.

Det var vanskeleg å orientere seg. Det var mørkt og eg hadde inntrykk av at bygningen heldt på å ramle ned. Eg streva med å kome fri av restane av døra som låg inn til meg, og eg kjende då at "det livde" nær ved. Det var den same karen som på førehand hadde sagt at "dette var ingen vanleg brann". Lufttrykket hadde også ført han gjennom lageret, utan at han vart sterkt skada.

Lokalet var fullt av støv, og eg såg ikkje stort. Eg hugsar at eg kraup ned lagertrappa og kom meg ut i bakgården. Der ute, i portrommet og ute i gata, var det store mengder vatn. Det verka som ei flodbølge slo nedover frå områda omkring Muren.

Det var mange skadde hos oss i Kjøpelaget. Mange skjøna ikkje kva som hadde skjedd og var redde for fleire eksplosjonar. Sjølv visste eg med sjølvsyn kva som hadde skjedd.

Sentralborddama kom ned eine trappa frå ekspedisjonsdelen av bygningen, blødande, og ropte fortvila: "Hjelp meg, jeg dør – jeg dør". Eg forsikra henne om at det ville ho ikkje. Eg hjelpte henne ut og bad henne gå opp til den første naudhjelpstasjonen – ved Smørsbrua.

Ho fortalde i etterkant at då det small, sat ho og venta på at Erdal skulle ta ein telefon som ho nettopp hadde sett over til han. Han kunne vere glad for at han ikkje var på kontoret sitt i ekspedisjonen då. Veggen bak kontorstolen hans var peptra av glassplintar som hadde bora seg inn.

Mange var engstelege og ville ha kontakt med sine næraste snarast råd. Erdal ordna med transport for medarbeidarar som ville heim. Gjennom ein av desse fekk han sendt melding til kona si, Rannveig, om at han hadde vore heldig og hadde det bra. (Rannveig, som den morgonen hadde vore i bustaden deira på Minde, fortalde i etterkant at ho naturlegvis hadde høyrte eksplosjonen og at ho var uroleg for mannen sin, men at ho vona på det beste. Ho visste at han hadde vore ute i hardt vêr før. Ho vart glad for beskjeden om at han hadde det bra).

Vidare om tilstanden ved Vestlandske Kjøpelag fortel han:

Eg tok meg inn att i bygningen for å orientere meg meir. Der var det store skader. I 1. etasje var det store krater etter sprengkraft nedanfrå grunnen. Vindauge og dører var spengde. Eg gjekk også opp i øvste etasje, og såg der at delar av taket var borte.

Store krefter hadde vore i sving. Skipperen på skuta som lossa varer ved ytterveggen mot Vågen sa seinare at fartyet var blitt løfta så høgt av flod-bølga at han såg inn over lageret i andre høgda.

Ut på dagen då det etterkvart var vorte meir alment kjent kva som var årsaka til dei svære øydeleggingane, kan han hugse den stigande indignasjonen, og sinnet, hos folk mot okkupasjonsmakta som hadde påført byen og folket slike tilstandar. Kommentarer av dette slaget hugsar han t.d. kom då kyrkjeklokka i Nykirken fall ned.

Seinare på dagen var han med på å leite etter omkomne. På grunn av dei store omkalfatringene som hadde skjedd rundt Vågen, var det vanskeleg å ta seg fram, og det var få folk ute.

På bakgrunn av tilknyttinga han hadde til eigne heimetrakter (Sunnfjord) under krigen, nemner elles Erdal kjennskap han hadde til evakueringa av born ut av Bergen:

Eg kjenner til at Bergensborn som vart sende ”på landet” under krigen knytta nære venskap – som enno varer ved. Det kunne også vere tilhøve der born ikkje ville tilbake til byen, men vart verande, og vaks opp i bygda.

Den 20. april 1944 hadde mor hans fødselsdag, ho vart 60 år den dagen. Når Leiv Erdal i april 2004, 60 år etter, ser tilbake på denne dagen, er det såleis som eit sekstiårs-minne i meir enn éin forstand for han.

Kjelde:

Leiv Erdal, 6817 Naustdal, tlf 57819188

Notatet er basert på førsteutkast utført av Mona Nielsen, Bergen Byarkiv, etter telefonkontakt mellom henne og LE.

Førsteutkastet er omforma til nynorsk – og supplert – etter samtaler mellom LE og yngste son hans, Jone Ottar Erdal, i påska 2004.

Versjon 12. april kl 14:30



Nordnes med C.Sundtsgate til venstre i bildet. Foto: ukjent. BBA-1181, Va:5.